

FISKERIDIREKTORATET  
BIBLIOTEKET

# FISKERINÆRINGA

## 1 FISKERIHISTORIE FOR HORDALAND



ELEVHEFTE FOR GRUNNSKOLEN



FISKERISJEFEN I HORDALAND 1982

107  
Fis




# *Fiskerihistorie for Hordaland*

---

	<i>side</i>
1. KORLEIS FISKET VART DRIVE FØR I TIDA .	5
1.1. Sildefiske .....	5
1.2. Brislingfiske .....	13
1.3. Makrellfiske .....	13
1.4. Brugdefangst .....	13
1.5. Håbrandfiske .....	14
1.6. Kvalfangst .....	15
1.7. Størjefiske .....	15
2. ORGANISASJONANE I FISKERINÆRINGA ..	17
2.1. Innleiing — Kva er ein organisasjon .....	17
2.2. Faglege organisasjonar .....	18
2.3. Økonomiske organisasjonar .....	20
2.4. Offentleg administrasjon .....	22
2.5. Andre organisasjonar .....	23
2.6. Historisk tidsakse .....	24
3. SKULETILBOD OG SOSIALE TILHØVE .....	25
3.1. Skuletilbod .....	25
3.2. Sosiale tilhøve .....	27

2841 / 1587



## FØREORD

På initiativ av Fiskerisjefen i Hordaland vart det i 1981 sett i gong eit prosjekt for å betra undervisninga om fiskerinæringa i grunnskulen. Arbeidet vart i hovudsak konsentrert om å laga undervisningsmateriale for elevar og lærarar. Materialet inneheld

1. Fiskerihistorie for Hordaland. Elevhefte.
2. Fiskeribiologi. Elevhefte.
3. Båt og reiskap. Elevhefte.
4. Fiskeproduksjon. Elevhefte.
5. Lærarretteiing.
6. AV-materiell.

Historieheftet og lærarretteiinga er tilrettelagde for skulane i Hordaland spesielt. Dei tre andre hefta og AV-materialet gjeld fiskerinæringa generelt, men ein del konkrete døme er særleg retta mot sør-norske tilhøve.

Konsulent Svein Fagerbakke har hatt ansvaret for det faglege opplegget. Han har hatt hjelp til stoffval og redigering frå ei prosjektgruppe med følgjande samansetjing:

Magne Bjørnerem, fiskerisjef i Hordaland,  
Øystein Frøiland, konservator ved Fiskerimuseet i Bergen, formann,  
Rolf Mosaker, lærar ved Os yrkesskole,  
Ingve Torgersen, lærar ved Fauskanger barne- og ungdomsskole,  
Arne Skeide, førstekonsulent hjå Skoledirektøren i Bjørgvin ,  
Alf Sæle, formann i Fiskeristyret i Hordaland.


Prosjektet er finansiert av Kommunal-og Arbeidsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Hordaland Fiskarlag, S/L Hordafisk, Noregs Sildesalslag og Norges Makrellag. Vi takkar elles BP Petroleum Development Ltd. Norway for tilskott som har gjort det mogeleg å få heftene trykt og utgven.

### ELEVHEFTE 1: FISKERIHISTORIE FOR HORDALAND

Dette heftet tek føre seg viktige delar av fiskerihistoria for Hordaland. Det er gjort greie for korleis fisket vart drive før i tida, korleis fiskarorganisasjonane vaks fram og kva som var bakgrunnen for det. Til slutt er teken med eit kapittel om kva for skuletilbod som finst i dag.

Svein Fagerbakke har skrive heftet.

*Fiskerisjefen i Hordaland 1982.*



## 1. KORLEIS FISKET VART DRIVE FØR I TIDA

### 1.1. Sildefiske

Det er først og fremst sildefisket som har lagt grunnen for Hordaland som fiskerifylke, særskilt for kystkommunane. Vinterfisket etter sild var fram til 1860-åra først og fremst eit garnfiske, men på slutten av forrige århundre vaks det fram eit rikt landnotfiske. Ikkje noko anna prestegjeld i landet hadde til dømes så mange notbruk som Sund og Austevoll i 1870-1880-åra. Lenger sør dominerte garnfisket, særskilt omkring Espevær, der opp til 20.000 garnfiskarar frå heile Sør-Noreg kunne vera samla. I Nordhordland var det også mange landnotbruk, men her vart fiske meir kombinert med jordbruk. Likeeins var det

i dei indre kommunane i fylket — her var fisket (særskilt brislingfiske) meir som ei attåttnæring å rekna.

Frå 1808 og fram til 1874 var det eit årvisst og rikt *vårsildfiske* på kysten vår. Ut etter 1870-åra forsvann silda, og vart borte i omlag 30 år. Ved jamne mellomrom har silda også i tidlegare historie vore borte i slike 30-årsbolkar. Dette er eit fenomen som sildeforskarane ennå ikkje har funne svar på.

Slutten av forrige århundre vart særst vanskelege år for fiskarfamiliane i fylket. Inntil då hadde folk frå heile fylket teke del i fisket. Det var til dømes vanleg at tenestefolka på gardane hadde avtale om at dei hadde rett til å ta del i vårsildfisket. Når no silda vart borte, vart arbeidet på gardane trappa opp slik at fiskeriaktivite-



Vårsildfisket var frå først av eit garnfiske. På bilete ser vi garnbåtar på vårsildfeltet. (Fiskerimuseet i Bergen, fotosamlinga).

ten inne i fjordane minka av. I kystkommunane var ikkje jorda like rik, og fiskarane måtte difor prøva omstilla seg til anna fiske. Det er på denne tida at feitsildfiske på Nordland og Islandsfiske utviklar seg. Fiskarane i kystkommunane vart meir for eineyrkesfiskarar å rekna, og kunne vera borte frå heimen i opp til 7-8 månader om gongen. Først ved århundreskiftet kom omslaget. Silda kom atter inn til hordalandskysten, og folk tente pengar og kjøpte seg nye båtar. Det vart eit rikt sildefiske som varte like til i slutten av 1950-åra. Motoren og snurpenota gjorde sitt inntog, og fiskarfamiliane fekk betre tider.

Det årlege kvantumet av vintersild på vestlandskysten låg i 1920-åra på frå 2 til 4,5 mill. hektoliter. Fisket varierte, men var jamnt over godt like til i 1956 då det vart sett ein rekord som skal verta vanskeleg å slå; over 12 mill. hektoliter sild vart fiska dette året. Fisket minka av etter dette, og dei eventyrlege gode sildeåra i 1950-åra tok slutt med 3,7 mill. hektoliter i 1958 og berre 0,7 mill. hektoliter i 1961.


Vårsildfisket her sør var før århundreskiftet delt i to, sørafisket og nordafisket. På det sørlege feltet kom silda vanlegvis inn til kysten i midten av januar ved Karmøy. Nordafisket, eller fisket ved Kinn og Batalden i Sogn og Fjordane, hadde mindre deltaking frå Hordaland. Seinare kom silda til lands lengre og lengre nord og då fisket var på sitt beste i 1950-åra, var det ved Mørkekysten silda kom til lands. Sildefisket har hatt mykje å seia for utviklinga av byar som Skudeneshavn, Haugesund, Florø og Kristiansund.

Då vårsildfisket tok slutt i 1870-åra, var det naudsynt å skaffa attåtinntekter på anna vis. Det var på denne tida at hordalendingane tok til med *feitsildfiske i Nord-Noreg*. I Nordland hadde det frå byrjinga av 1860-åra vore eit rikt feitsildfiske. Fisket tok til i august/september og varte


fram til jul og kanskje like til i januar/februar. I slutten av 1870-åra var det sær mange fiskarar frå heile Hordaland, særskilt dei ytre bygdene, som tok del i dette fisket. Nordlendingane hadde fram til denne tid brukt garn, men når søringane fekk mykje større fangstar med not, var det ikkje lenge før landnøtene var vanlege i bruk også i Nord-Noreg. Frå dei indre kommunane i fylket, t.d. Tysnes, Kvinnherad, Fusa m.fl., vart det rusta ut mange *kjøpefartøy*. Desse tok ikkje del i fisket, men kjøpte silda hjå fiskarane og salta ho om bord. Silda vart deretter førd til utskippingshamnar som Ålesund, Bergen og Haugesund.

Når feitsildfisket var slutt ved juletider, var det ikkje kvart år at alle hadde tid å gå heimom før vårsildfisket tok til. Det var berre om våren og tidleg om sommaren at desse fiskarane var heime. Då hjalp dei til med våronna og slåttan på garden. Ikkje lite arbeid og ansvar var lagt på kvinna i desse heimane. Sjølv om gardane var små, var det livsviktig å få maksimalt ut av dei, slik at folk hadde til levemåten gjennom harde vintrar. Tidleg måtte ungane vera med i gardsarbeidet. Såleis fekk dei tidleg ansvar for kvarandre og for heimen og kjensle for at dei betydde noko. I ettertida kan det vera lett å berre sjå på desse positive sidene av å tidleg måtte læra seg å arbeida. Vi skal vel heller ikkje sjå bortifrå at det ofte var eit umenneskeleg slit.

Det var kjøpmenn frå Mandal som for over 100 år sidan først rusta ut *ekspedisjonar for landnotfiske etter sild på Island*. For å driva landnotfiske ved Island måtte ein vera islandsk statsborgar og ein måtte ha «hus på land». Men det var lett å verta islandsk statsborgar — borgarbrev vart selde for 4 kroner stykket. Jakter, galeaser og skonnertar segla til Island og hadde med seg landnotbruk, tønner, salt, tømmer o.s.b. Det første som vart gjort et-



Hordalandsfiskarane var flinke landnotfiskarar. Biletet syner situasjonen når kjøpefartøya ligg og lastar sild. (Fiskerimuseet i Bergen, fotosamlinga).



Skonnert «Ansgarius», reiar Lars Berentsen, Stavanger. Nils Djupevåg, Austevoll var bas for Berentsen i fleire sesongar på Island. Biletet er lånt frå Kari Shetelig Hovland si bok «Norske seilskuter på Islandsfiske.»



ter overfarten (vanlegvis i mai/juni) var å byggja kaier, saltebuer og rorbuer. Dette arbeidet tok 2-3 veker. Der etter var det å ta til med sjølve fisket. Silda vart kasta, sett i lås, og salta i land og laste ombord i seglfartøya. Desse lasta vanlegvis frå 1000 til 2500 tønner. Medan skonnertane var til Noreg og lossa, i hovudsak Bergen, Haugesund og Stavanger, heldt fisket på Island fram til langt ut på hausten. Landnotfisket på Island tok til i slutten av 1870-åra, og minka av fram mot 1890. Det vart dyrt å rusta ut ekspedisjonane og ikkje alltid stod inntektene i høve til kostnadane, og dette førde med seg mange konkursar for dei handelshusa som rusta ut ekspedisjonane.

Det vart krevd mykje av fiskarane og dei fleste måtte skriva under på liknande kontrakter som den vi gjev att nedanfor:

«Vi Notefold forbinder oss til å vise vore Overordnede den mest ubetingende Lydighed. En hver af os er forpligtet til at utføre hvilket som helst Arbeide paa Sjø eller Land, det være nu Skibsarbeide, Murer, Sten eller Bygningsarbeide, Sildefangst eller Torskefangst, Sildesalting eller Torskesalting, Bødkerarbeide, kort sagt alt muligt — nævnt som unævnt — der måtte forefalde ombord i hvilket som helst Fartøy eller paa hvilket som helst Sted paa Island. Roligheden mellem os inbyrdes maa endvidere ikke forstyrres ved Drukkenskab eller paa anden Maade. Kortspill er ikke tilladt. Dag og Nat, naar det paafordres skulle vi være villige at arbejde.»

(Kari S. Hovland, «Norske seilskuter på Islandsfiske», 1980).

På det meste deltok det 92 båtlag, 187 fartøyer og 1807 mann på landnotfiske på Island (1883).

Frå Hordaland var det særleg fiskarar frå Bømlo, Austevoll og Sund som var med på dette fisket.

Rundt århundreskiftet tok Islandsfisket seg opp att — nå med drivgarn til havs og noko seinare med snurpenot. Dette fisket varde heilt fram til nokre år før den andre verdskrigen. I denne tida var det bygd sildeoljefabrikkar, og allereie i 1911 vert det rekna at over halvparten av fangstane vart leverte til sildoljefabrikkar. Etter andre verdskrigen tok islandsfisket seg opp att, og serskilt etter at vintersildfisket vart sterkt redusert etter 1956, auka deltakinga. I 1960 var det 215 deltakande snurparar og drivarar. Nokre båtar salta silda om bord, medan andre førte ho til sildoljefabrikkane i Noreg. Sildefisket ved Island avtok ut etter 1960-åra etter kvart som Nordsjøfisket etter sild og makrell auka. Det er i dag heilt slutt på denne over 100 år gamle tradisjonen. Islendingane sjølv brydde seg frå først av ikkje om sildefisket. Dei fiska rett nok noko sild til agn, men «de fandt Silden ubehagelig at spise p.g.a. de mange Ben». Etter kvart som dei oppdaga at nordmennene tente gode pengar, og var i verksemd frå St. Hans til langt ut på hausten, auka interessa (rundt 1920).

For å skildra korleis eit landnotbruk var *ustrusta* for 100 år sidan, kan vi sitera frå ei bok fiskeriinspektør Wallem skreiv i 1910:

«Notfisket drives av notlag som har notbruk. Almindelig bestaar et notbruk av fire nøter, tre notbaater, to smaabaater og 16-18 mand. De har et logisfartøi til opholdssted paa reisen og under fisket. Derombord haves ogsaa alt det taugverk, kagger og alt andet som hører med til fangstarbeidet. Den største not er 300-320 m lang. De mindste, som kaldes orkastenot og brukes til at kaste inde i laaset for at ta sild ut av laaset, er 50 m lang og 10 m

dyp. De andre nøter er mellom 150 og 225 m lang og dybden i forhold dertil.

Et notbruk med alt tilbehør og logisfartøi koster tilsammen mellom ti og tolv tusen kroner.»


(F. M. Wallem «Vore fiskere og fiskeriene», 1910.)

Det var vanleg at notbasane samarbeida om å berga fangsten, og ved store landnotsteng kunne det kanskje vera opp til 30-40 notbruk med. Den som kasta først hadde førsteretten til kastet, men når fangsten skulle delast på så mange mann pluss bruk og båtar, vart det heller lite attende til kvar av mannskapet (nohundane). Lossementene (logisfartøiene) var

vanlegvis jakter eller galeaser på 40-50 fot og oppover. Akterut var det ei kahytt til bas og skippar, og forut var det ein lugar for underbasen (det var vanleg med ein og kanskje fleire underbasar). Nohundane, kanskje opp til 30-35 mann (dobbeltbruk), budde i lasterommet midtskips. Vi kan tenkja oss korleis det var med hygien en når så mange mann budde saman så trangt.

Den største notbåten (storebåten) laste opp til 120-130 hl, mellombåten opp til 100 hl og den minste omlag 50 hl.

Før det vart vanleg med lossementer (1850), overnatta fiskarane gjerne hjå folk som budde langs etter leia (strandsitjarar) når dei var på veg nord- eller sør etter på




Biletet syner situasjonen når orkastet er gjort, og silda vert håva om bord i notbåtane. (Fiskerimuseet i Bergen, fotosamlinga.)

sildefiske, eller dei kvelva båten og la seg i le av han. Heilt ut i vårt århundre var dette ikkje uvanleg. Ei fortelling frå Mons Kårbø si livssoga frå ein av hans første turrar på fiske, kan fortelja noko om dette:


«Frå dei åra eg fiska med garn skal eg nemna eit par minner. I 1900 tok me ut på turen forbi Eldneset og sør Hjelte ryggen. Det var kuling og snøfokk. Me måtte ta inn to rev i segla før me kom oss inn til Brattholmen der me fekk husly hjå ein gamal strandsitjar. Med nisteskrinet i handa heilt tilsnøa kom me inn i stova. Dei hadde berre ei sto-

ve, og me, 6 mann, skulle liggja på golvet. Gamlemor gjekk fleire gonger med golvfilla og turka opp etterkvart som snøen tina av oss. Ho kokte kjelen vår, prata og signa oss. Me låg med berre trøya over oss. Då me hadde lagt oss kom kona med eit bomullsteppe som ho la over meg og kameraten min, som var på same alder. Då me gjekk om morgenen strauk gamlemor meg over kinnet og sa: «Gud signe og vara dykk på turen og han gjeve dykk eit godt fiske». Eg har i alle år minnast henne med takk for det ho var for oss.» (M. A. Kårbø, «Mons Andersen Kårbø si livssoge», 1963.)



Teikninga syner ei *hardingerjakt* som m.a. vart brukt som lossement. Etter ei teikning i «Jektefarten» utgjeve av Bergens Sjøfartsmuseum i 1980.





Galeasane var rigga slik denne teikninga av Hans van de Vooren syner.


Etter kvart som lossementene vart vanlege og fiskarane såleis vart meir mobile, vart det slutt med å overnatta i rorbuar, naust og saltebuar slik dei før hadde gjort. På våre kantar vart rorbuar kalla fjæremannshus. Etter kvart vart det også slutt på dei lange seglturane til Nordland. Då dampskipa tok til å trafikker kysten, tok dei notbåtane på slep. Opp til 40-50 båtar med stort og smått kunne dampbåtane ha på slep. Betalinga var vanlegvis ein viss prosent av fangsten frå kvart lag.

Jaktene som vart brukte til lossementer var vanlegvis på 60-70 tonn, galeasane (større enn jaktene og 2 mastrar) var omlag 100 tonn, og skonnertane (som var med på sildeekspedisjonane til Island) kunne vera omlag 200 tonn. (Bergen Sjøfartsmuseum. Jektefarten 1980).


På Vestlandet var det frå først vanleg med det asymetriske råseglet — seinare vart det vanleg med spririgg. Gaffelrigg med toppsegl og klyver var vanleg på hardangerjaktene. I Nord-Noreg var det vanleg med råsegl også på jaktene. (Bergen Sjøfartsmuseum. Bruksbåtane. 1979).

Først rundt år 1850 vart det vanleg å bruka landnot. Før denne tid var det vanleg med garnbåtar der kvart båtlag var på 4-6 mann og frå 3 til 5 garn pr mann. Snurpenota kom til Noreg via Sverige frå Amerika. I perioden fram til 1910 vart det kjøpt mange snurpenøter. Som alltid når ny reiskap syner seg å vera betre enn gamal, reagerte mange fiskarar mot at reiskapen skulle takast i bruk. Mange ville


Riggformer, skjematisk.




A



B



C



D

- A. Vanleg råsegl
- B. Spririgg
- C. Gaffelrigg med toppsegl og klyver
- D. Asymetrisk råsegl

ha snurpenota forbode, og på fylkestinget i Hordaland i 1911, vart det vedteke ei fråsegn om at snurparane måtte halda seg 400 meter frå dei andre reiskapsklassane, at dei måtte halda seg vekk frå kastevågane og dessutan burde det vera forbode å snurpa på garnsett og mellom garn og sildelås om natta. Mange argumenter vart brukte for å få snurpenota forbode. Ein landnotbas frå Glesvær i Sund sa til dømes at gamle eller mindre dyktige folk ik-

kje kunne brukast til snurping, og dermed ville dei verta dømde til å halda seg heime slik at dei kanskje vart ei bær for kommunen.

Den første motoren i fylket vart kjøpt til «Alfa» av Espevær i Bømlo i 1902. «Alfa» vart beste båten på Island det året, og dette satte fart i motorkjøpet i Bømlo — Kanskje ikkje så rart at den mest dominerande motorfabrikant til den norske fiskeflåten (Wickmann) vart skipa på Rubbe-

stadsneset (Bømlo) i 1903. Den første motoren dei laga gjekk til Elias Døscherholmen (landnotbas) i Sund. Nils Djupevåg frå Austevoll kjøpte i 1904 ein motorkutter frå Sørlandet. Den hadde ein 16 HK Alpha motor, og den kunne berre gå forover. Karane måtte sakka på i god tid fortel historia. Motorar i notbåtane vart elles ikkje vanlege før 20-30 år seinare.

På vårsildfisket hadde fiskarane med seg surmjølk, rugkavring, havremjøl, komle, litt smør og flesk og noko sauekjøtt. Når det var saltkjøtt og erter til middag, sokna kvar mann etter sitt eige kjøttstykke som på førehand var merkt med ein pinne eller liknande.

### 1.2. Brislingfisket

Brislingfisket har frå gamalt av vore eit viktig fiske for hordalendingane. Ein kjenner forskjell mellom brisling og småsild ved å stryka brislingen frametter under buken. Brislingen har skarpe piggar, silda ikkje. Brislingen vart salta, og kvar huslyd hadde ei tønne spikjebrisling til vintermat i huset, særskilt i fjordbygdene. Brislingen er mest tilgjengeleg innover i fjordane, og frå først av var det difor i hovudsak fiskarbønder frå fjordstroka som fiska brisling. Først då hermetikkfabrikkane kom rundt 1890 vart det fart i fisket. Frå å vera eit fiske der ein brukte små landnøter, utvikla det seg snart til å verta eit fiske med deltaking frå heile fylket. Snurpenot kom i vanleg bruk frå 1910 og utetter. Hordaland har alltid hatt flest deltakarar i brislingfisket både på sjø og land.

I 1948 var det 314 hermetikkfabrikkar i landet. I 1970 var det 97 fabrikkar att, og av desse låg 23 i Hordaland. I 1982 var talet redusert til 54 fabrikkar på landsbasis, og av desse ligg 12 i Hordaland.

### 1.3. Makrellfisket

Til matauke har fangst av makrell vore driven i Hordaland i fleire hundre år, men noko fiske for sal tok ikkje til før i slutten av forrige århundre. Grunnen til dette kan for ein del forklårast med svikten i vårsildfisket etter 1870. Frå vårt fylke var det fartøy frå den sørlege luten (særskilt Bømlo) som tok til med dorging etter makrell i Nordsjøen (Doggerbank).

Omlag 50 fartøy frå Hordaland dreiv dorgefiske etter makrell rundt århundreskiftet. Ti år seinare finn vi over 150 fartøy frå Hordaland. Makrellen vart salta ombord og seinare eksportert til Amerika til god pris. Mannskapet var på 6-7 mann og båtane som vart brukte var i hovudsak seilkuttarar innkjøpt frå England. Kvar fartøy kunne gjera fleire turar og på kvar tur kunne det saltast opp til 200 tønner. Dorgefisket minka av i samband med første verdskrigen. Seinare har det vore eit årvisst fiske etter makrell, men no meir som eit kystfiske å rekna. Drivgarn, landnot og snurpenot vart dei dominerande reiskapar.


### 1.4. Brugdefangst

Brugdefangst på vår del av kysten tok til rundt 1770. Det var berre levera dei tok vare på, men i ei middels brugde kan det vera omlag 10 tønner lever, og av levera vart det laga lyse<sup>1)</sup>, som vart betalt så godt at ei middels brugde kunne ha ein verdi på 150 dalar, som var mange pengar i dei dagar.

Brugdefangsten tok til i august og var eit finversfiske. Brugdefangarane firde segla og tok til årene når dei kom på kloss hald av brugda. Brugdestikkaren rende då

1) Tran av fiskelever, også brukt til lampeolje som «belysningsmiddel».





Makrelldørging i Nordsjøen. Teikning av L. Haaland omlag år 1900. (Fiskerimuseet i Bergen, fotosamlinga).

harpunen i ein kvit flekk bak hovudet på brugda. Lina til harpunen rasa nå ut slik at buktene kunne stå høgt til vers. Det hende at folk kom inn i buktene og kom bort på den måten. Brugda fór til botnen med harpunen i seg og først då vart lina sett fast om bord. Nå begynte ein kamp som kunne ta lang tid. Brugda kunne såleis trekkja båten etter seg vestover havet i fleire timer før ho gav seg. Når ho endeleg var daud, var det å hala ho opp med rå mannspekt. Når ho så kom på sjøen, rulla ho seg med buken i veret, og då stod det berre att å skjæra ut levera. Brugdefangsten tok slutt i midten av forrige århundre og tok til att i midten av 1920-åra.

### 1.5. Håbrandfisket

Linefisket etter håbrand tok til i 1920-åra og varde fram til i midten av 1960-åra. Særskilt var det eit godt fiskeri dei første åra etter 2. verdskrigen. Fisket varde igjennom heile året og konsentrerte seg i sommerhalvåret i sørlege Nordsjøen rundt Fladengrunn, Revkanten, Doggerbank og kunne om hausten flytte seg nordover til Vikingbanken, Tampen og like nord til Vestfjorden og Vesterålen. Om vinteren gjekk fisket føre seg nærare land.

I Hordaland vaks det fram eit miljø i nordre del av Askøy eller tidlegare Herdla kommune.

Det var å setja lina tidleg om morgonen når sola kom opp. Lina vart sett i ei lengd som kunne vera over 25.000 meter lang. Eit linesett besto av omlag 70 liner à 4 måler à 50 famnar. På kvar line var det ca 15 anglar — avstanden mellom kvar angel var 13 famnar — samla var det såleis over 1.000 anglar pr linesett. Anglane hang i forsyn med svivel. Forsyna var 2,5 famnar lange og den siste parten — omlag 1 famn — var av wire slik at håbrandstennene ikkje skulle fila forsynet av. Linene var av hamp.

Det gjekk omlag 1,5 time å sjå over line- ne etter at dei var sette. Det var fløyliner som vart brukte, og når linene var ferdigsette tidleg om morgonen, var det å følgja med om håbranden hadde bite på agnet i løpet av dagen. Det duppa då i blåsene, og håbranden vart i så høve teken om bord. Fisken kunne variera mellom 15/20 til 60/70 kg om sommaren. Om vintaren var det berre stor hofisk på over 200 kg som vart teken. Håbrandshoa var vanlegvis drektig, og hadde frå 1 til 3 ungar i seg då ho vart fanga. Til agn vart det brukt makrell, eller helst fersk sild.

Turane varde i maksimalt 8 dagar, og etter at omsetninga vart regulert, kunne det vera vanleg med båtkvotar på inntil 15-16 tonn pr veke. Hovudet på håbranden vart kappa av og håbranden sløgd før han vart godt isa i rommet.

Linene vart dregne om kvelden og då klårgjorde for neste dag. Det var vanleg med 4-5 mann ombord.

Etter kvart synt det seg at håbrandsfiske kunne vera sær sår, og etter ei tid vart det overinvestert også i dette fisket. Ressursane vart for små for så mange, og verksemda minka av i midten av 1960-åra.

## 1.6. Kvalfangst

Frå gammalt av gjekk kvalfangsten føre seg på den måten at tronge vågar og sund vart stengde med not når kvalen vel var komen inn i vågen. Slike stader er til dømes *Kvalvåg* på Stolmen i Austevoll, *Kvalvågen* ved Skogsvågen i Sund, *Kvalvåg* i Austrheim og Tælavåg i Sund. Kvalen vart frå først av skoten med giftige piler, like inn i vårt århundre, seinare med rifle. Kvalfangsten hadde store økonomiske betydning for dei som sokna til slike «kvalvågar». Kjøtet vart eie eller seld til byane, spekket laga dei lyse av. I Skogsvågen vaks det fram ein liten heimeindustri i å laga vadbein der rullen og lageret («dåkka») var av kvalbein. (Vadbein er ein liten rull som vert festa på båtripa som juksasnøret vert dregen over).

Etter 1. verdskrigen utvikla småkvalfangsten seg på kysten. Like før 1920 vart kvalfangststasjonen i Blomvåg opna. Her leverte småkvalfangarane, som dreiv på opne havet, fangsten sin. Det utvikla seg etter kvart eit særskilt *kvalfangstmiljø* i Øygarden, Sveio og på Fedje. Frå 1937 har det vore naudsynt med konsesjon for å driva kvalfangst. I 1949 deltok 28 fartøy frå Hordaland i kvalfangsten. Av dei var 6 frå nåverande Øygarden kommune, 7 frå Sveio og heile 13 frå Fedje kommune. I 1981 var det 9 båtar frå Hordaland som hadde konsesjon — av desse 2 frå Øygarden, 1 frå Sveio og 6 frå Fedje.

## 1.7. Størjefisket

Størja er ein årviss sommargjest på Vestlandskysten, men først etter 2. verdskrigen vart det utvikla ei not som egna seg til størjefiske. Nota hadde store maskar, og var svært lang slik at størja levde like til nota var tørka saman ved skuteseida.

Størjefisket slo til for fullt i 1952. Etter at det i 1951 deltok 15-20 bruk frå Hordaland, var talet på bruk kome opp i 52 året



Skyting av kval med giftige piler i Skogsvågen rundt århundreskiftet. (Fiskerimuseet i Bergen, fotosamlinga.)

etter, og over 100 i 1953. Totalt deltok det 450 bruk i 1953. Størjefisket var eit særspanande fiske der ein kunne slumpa til å gjera den heilt store fangsten. Men fisket var også sær ujamnt — mange størjebrok fall heilt gjennom og fekk lite og ikkje. Dei største størjekastene som vart gjorde var på omlag 100 tonn. Størja var gjennomsnittleg i overkant av 100 kg. Dei fleste størjebrauka kom frå Øygarden, Askøy og Austevoll, men også frå Sotra, Bømlo, Fitjar og Fedje var det mange deltakarar. På kvar båt var det frå 7 til 10 mann.

Størja vart i hovudsak eksportert til Italia. Det vart fiska over 10.000 tonn dei beste åra (1952 og 1955).



Størjefiskarar på utkikk etter størje. Det var kunsten å ha eit vake auga når ein var på størjefiske.



## 2. ORGANISASJONANE I FISKERINÆRINGA

2.1. Innleiing — Kva er ein organisasjon? Før vi snakkar om fiskarane sine organisasjonar og korleis dei vart til, må vi veta kva ein organisasjon er for noko.

Å organisera seg betyr at ei gruppe mennesker med sams interesser og problemar, går saman om å løysa oppgåvene. Gruppa arbeidar bevisst mot bestemte mål som medlemmene i organisasjonen set opp. Slike sams interesser kan m.a. vera høgare løn, betre arbeidstilhøve o.s.b. Eit døme på ein slik organisasjon kan vera elevrådet ved skulen du går på.


Eit utval av medlemmene (valde lokalt) møter gjerne på landsmøtet for å velja sine øvste leiarar. Desse utgjer då landsstyret i organisasjonen. Styret med formann (kvinne) i spissen fører forhandlingar på vegne av medlemmene. I skissa under tek vi med korleis ein organisasjon vanlegvis er bygd opp. Vi brukar Norges Fiskarlag som døme.



Emblemet til Norges Fiskarlag.

Medlemer på lokalplanet tek sine saker opp på årsmøtet i sin lokale organisasjon. Dersom saka har vidare interesse, vert ho fylgt opp i fylkeslaget som igjen send ho over til handsaming i landsstyret.

### Norges Fiskarlags organisasjons oppbygging



## 2.2. Faglege organisasjonar.


Fiskarane har frå gammalt av vore vane med å samarbeida m.a. for å få størst mogleg fangst, berga reiskap i dårleg ver o.s.b. Grunnen til at fiskarane organiserte seg, finn vi ikkje i tilhøva ombord. Det var mellom anna tilhøvet mellom fiskarane og fiskekjøparane som gjorde at fiskarane organiserte seg. Når det var godt fiske og mykje fisk på marknaden, fall prisane. Fiskarane kunne aldri veta kor mykje dei fekk for fangsten. Etter kvart forsto fiskarane at dersom dei stod saman (skipa ein organisasjon), kunne dei i det minste forhandla om minsteprisar.

Fiskarane skjøna at dei tente på å stå saman når dei skulle forhandla med fiskekjøparar eller styresmaktene, Norges Fiskarlag vart m.a. difor skipa i 1926 med hordalendingen Mons Kaarbø som første formannen.

Etter kvart som stadig fleire yrkesgrupper organiserte seg, såg fiskarane at desse gruppene nådde fram med mange av krava sine. Omkring 1. verdenskrigen



Etterkvart forsto fiskarane at dersom dei stod saman kunne dei utgjera ei sterk gruppe.



Mons A. Kaarbø teikna for Stavanger Aftenblad i 1958.

vart det eit krav å skipa eit sterkt fiskarlag for heile fylket. Før dette var det skipa fleire lokale fiskarlag rundt om i fylket. I november 1919 vart så Hordaland Fiskarlag skipa.


Mons A. Kaarbø frå Kårbø i tidlegare Herdla kommune, nå Meland, var ein føregangsmann i organisasjonsarbeidet. Han var første formannen i Hordaland Fiskarlag (1919), Norges Fiskarlag (1926) og Stor- og vårsildlaget (1929) (nå Noregs Sildesalslag).

Det heiter om Kaarbø at det var då han som ganske ung kom heim frå vårsildfisket etter ein total bomtur at han bestemte seg for å gå i brodden for å få betre kår for fiskarane. Mannskapet var samla og fekk utbetalt lotten som berre var 47 øre pr mann. Då det gjekk opp for Kaarbø kor fattige fiskarane og deira familiar var, slo han knyttneven i bordet og svor på at han skulle arbeida for betre kår for fiskarane.

Ein viktig forhandlingspart til fiskarorganisasjonane har alltid vore Staten. Alt på skipingsmøte til Hordaland Fiskarlag, får vi forståing for det ettersom følgjande telegram vart send til Fiskeridirektøren:

Mill.  
kroner

1) Før 1974 var avtaleåret frå 1. juni til 31. mai. I 1974 vart åravtala frå 1. juni til 31. desember. Etter 1974 følgjer avtalene kalenderåret.



Årleg støttebeløp over fiskeriavtala 1965-1981.



Årleg støttebeløp over fiskeriavtala 1965-1981 med utgangspunkt i konsumprisindeksen i 1965.

Kjelde: Fiskeridepartementet. Statistisk Årbok 1981.



«Hordaland Fiskarlag, omfattande 21 lokale fiskarlag, samlet i Bergen til møte, sender Statsmagterne sin ærbødige hilsen med tak for hidtil utvist omsorg for fiskeribedriften. Samtidig må vi innstændig henstille til Statsmagterne ogsaa i vinter at garantere mindstepriser, særlig for storsild og vaarsild, da her staar økonomiske interesser paa spild.»

I 1964 fekk vi Hovudavtala mellom Staten og Norges Fiskarlag. Før 1964 hadde dei ymse salslaga med støtte frå dei respektive faglag forhandla med Staten om støtte til fiskeria. I 1959 vart samhaldet innan Norges Fiskarlag stilt på ein hard prøve fordi fiskarane i sør ikkje kjende seg like godt ivaretekne som yrkesbrørne sine i nord. Denne krisa var medverkande til at *forhandlingsretten* i 1964 vart overført til Norges Fiskarlag. Norges Fiskarlag og Staten forhandlar nå kvart år om kor høg fiskerivtalene skal vera år for år. Årleg støtte har variert som synt i tabellen på side 19.

Som vi ser var støttebeløpet relativt jamnt like til 1975 då det steig frå omlag 180 mill kroner pr år til omlag 4-500 mill kroner pr år. Ser vi kor mykje støttebeløpet har endra seg i faste kroner, vil vi oppdaga at støttebeløpet i 1981 tilsvarende omlag det doble av kva som var gjennomsnittet i 1965-1968. I fjernsyn og aviser høyrer vi stadig om det enorme støttebehovet i fiskerinæringa. Reknar vi i faste kroner, kan vi slå fast at støttebeløpet pr år på langt nær har stige i ein slik takt som ein skulle få inntrykk av. Det kvite i figuren kan reknast som prisstigning etter 1965.

Av omlag 2.000 fiskarar i Hordaland er omlag 1.400 organiserte i Hordaland Fiskarlag. Forutan fylkesfiskarlaget kan følgjande fiskarorganisasjonar med tilknytning til Hordaland fylke nemnast:

*Hordaland Brisling- og Småsildfiskarlag* arbeidar for brislingfiskarane sine interesser,

*Vestlandske Fiskebåtreiarlag* (frå først av kalla Stor- og Vårsildfiskernes Forening) samlar alle ringnotreiarar i fylket.

Dessutan er det 5 fiskarkvinnelag i fylket.

### 2.3. Økonomiske organisasjonar

I Råfiskloven (Fiskernes Grunnlov) heiter det at all omsetnad av fisk og skalldyr på første hand skal gå gjennom fiskarane sine egne salsorganisasjonar. På landsbasis er det no 14 salslag som har lovvern for omsetnaden av bestemte fiskeartar eller innan bestemte geografiske område. Til dømes har Feitsildfiskernes Salslag omsetnaden av sild nord om Stad medan Noregs Sildesalslag har omsetnaden sør om Stad.

Salslaga har til formål å omsetja fisken som fiskarane bring på land, til så høge og stabile prisar som mogeleg. Salslaga godkjenner kven som kan vera kjøparar, og prisane vert vanlegvis fastsette etter forhandlingar mellom salslaga og kjøparane sine organisasjonar. Dersom det ikkje vert semje om prisane, har salslaga lovheimel (etter Råfiskloven) å fastsetja førstehandsprisane (den prisen fiskaren får for fisken han leverar).

Vintersildfisket tok seg godt opp etter hundreårsskiftet. Fisket vart modernisert — snurpenot og motoren gjorde sitt inn- tog — og resultatet var at fangstane auka monaleg. Under første verdskrigen var sildeprisane høgare enn fiskarane var vane med. Først i 1920-21 kom omslaget. Sil- demengdene var dei same, men prisane fall dramatisk. Sildekjøparane kunne spekulera i at fiskarane var nøydde til å leve-




først i 1946 vart endeleg *Hordaland Fiske-salslag (seinare S/L Hordafisk)* skipa. Hordafisk har all omsetnaden av konsumfisk og skalldyr (ikkje sild, makrell, brisling m.m.) i Hordaland fylke. Salslaget har i dag omlag 12-14 mottaksstasjonar for fisk der fisken vert levert og i nokon mon vidareforedla. Salslaget har også eigen fiske-matfabrikk i Bergen og fiskemjølfabrikk på Fedje.

Forutan Noregs Sildesalslag og S/L Hordafisk kan vi nemna følgjande salsorganisasjonar som har betydning for hordalandsfiskarane: Norges Makrellag, Feit-sildfiskernes Salslag, Småkvalfangernes Salslag A/S og Fiskeoppdretternes Salslag.

#### 2.4. Offentleg administrasjon

Vi skal nå sjå på korleis dei offentlege styresmaktene har organisert seg for å hand-sama og ta stilling til fiskerispørsmåla. Den offentlege administrasjon er organi-sert slik figuren under syner:



Fiskerisakene høyrde frå først av under det såkalla Indre departement (før hundreårsskiftet) og kom seinare inn under Handelsdepartementet. *Fiskeridepartementet* vart skipa i 1946, og Noreg var dermed det første landet med eige departement for fiske og fangst.

Allereie for 100 år sidan (1881) drøfta Stortinget spørsmålet om å tilsetja ein fiskeridirektør. På grunn av at Indredepartementet hadde vanskar med å peika ut ein mann «med overordnet innsikt i de forskjellige fiskerier», vart saka lagt på is inntil vidare. I 1886 fekk vi den første spire til fiskeridministrasjon ved at to fiskeriinspektørstillingar vart skipa. Dei delte landet mellom seg.

25. april 1900 vedtok Stortinget å skipa Noregs Fiskeristyreelse med sete i Bergen (seinare kalla Fiskeridirektoratet).

Fiskeridirektoratet er Fiskeridepartementet sitt rådgjevande organ i alle spørsmål knytt til fiske og fangst.



Klaus Sunnanå var fiskeridirektør frå 1947 til 1973, og gjorde i si tid eit stort arbeid for fiskerinæringa i Noreg.

100 år etter at landbruket fekk sine offentlege vegleiarar, fekk vi i fiskerinæringa lova om *rettleggstesta i fiskerinæringa* (1971). I denne lova vart det bestemt at det skulle tilsetjast fiskerisjefar i alle fylker og fiskerirettleiarar i alle fiskerikommunar av noko storleik. Rettleggstestene er no ein rein statleg institusjon underlagt Fiskeridepartementet.

## 2.5. Andre organisasjonar

Det er to organisasjonar som ein alltid må nemne når det vert snakka om fiskerinæringa si historie og det er *Den indre sjømannsmisjon* og *Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning* (NSSR).

Den indre sjømannsmisjon vart skipa i 1879. Dette året var det eit særskilt rikt sildefiske i Vesterålen (Eidfjorden). Der fiskarar var samla visste handelsmenn at det kunne vera pengar å tena. Mange fiskarar brukte difor pengane sine m.a. på brennevinshandel. Som vanleg var det fleire sildekjøparar frå Hordaland, og to av desse,


Tollef Onarheim frå Tysnes og Jakob Færstad frå Bergen, samla fiskarane til kristelige møte som motvekt mot brennevinshandelen. Dette var opphavet til Den indre sjømannsmisjon som seinare har vore til stor hjelp både på det religiøse og det praktiske område.

Den indre sjømannsmisjon har bygd fleire fiskar- og sjømannsheimar i kystbygdane våre, og der har fiskarane kunna samlast i møter, lesa lokalaviser eller kjøpe ein kopp kaffi og drøsa med dei andre fiskarane.

Sjømannsmisjonen tok også opp sjukepleie for fiskarane og har bygd betel- og hospitalskip.<sup>1)</sup>

I 1891 vart Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning skipa. Redningsselskapet brukte seglskøyter like til langt ut i

1) Båtar der ein kan få sjukestell og sosial omgong av ymse slag.



Redningskøyta «Thomas Fearnley» bygd i 1938.



1930-åra. Skøytene var konstruert av den kjente norske båtkonstruktøren Colin Archer. Skøytene var særst sjødyktige og meistra dei mest vanskelege vertilhøve.

Redningsselskapet sine skøyter har opp gjennom tidene berga mange hundre fiskarar frå den visse død. Redningsselskapet har sine skøyter stasjonert langs etter heile kysten. Når vinden bles opp og fiskarane set kursen mot land, må mannskapene på redningsskøytene vera i høgste beredskap. La oss ta med ein redningsbragd som er fortald om i «Ut mot hav»:

«Søndag 3. april 1938 meldte fyrvokteren på Bjørnsund fyr ved Hustadvika at eit skip var strandet ved Gallerskjærene. Redningsskøyta «Christian Bugge» med fører Johan Bakken gikk til stedet og kunne konstatere at det var mennesker om-


bord i vraket og at skipet var Bergensbåten «Rokta» på 368 tonn. I løpet av natta ble drøftet alle utveier for å nå gjennom fallgaren<sup>1)</sup> og fram til skjærene hvor vraket lå. Da dagen grydde, var man klar til en kamp på liv og død. Skipet var nå brukket i to. Forskipet var forsvunnet og akterskipet ble av bølgene litt etter litt flyttet utover på Skjæret. Med Bjørnsundfiskeren Peder Rindarøy som kjentmann gikk redningsskøyta inn mellom brottene. Når som helst kunne vraket gli ut på dypet med menneskene ombord. Idet halve vraket forsvant i dypet, hoppet mannskapet i sjøen. 5 mann ble tatt ombord i redningsskøyta, mens 2 mann på en fiskedory, «Barvåg», reddet ytterligere to av mannskapet. Av «Rokta»s besetning på 10 ble



1) Ei rad med boar og skjær nær kysten der sjøen bryt i storm.

## 2.6 Historisk tidsakse

### TIDSAKSE HISTORIEHEFTET



altså 7 reddet. Resten av mannskapet, deriblant kapteinen, forsvant.

Det hører med til bildet at av de fiskerne som nærmet seg stedet i småbåter for å hjelpe til med redningsarbeidet, mistet 2 mann livet og fikk en våt grav sammen med dem fra «Rokta» som ikke ble reddet.

Folk over hele landet ventet med frykt og spenning hva som ville skje med redningsaksjonen. Da det ble kjent hva som hadde foregått, ble redningsmennene hyllet i en tale av statsministeren i Stortinget. De 7 ombord i redningskøyta «Christian Bugge» ble tilkjent Kongens for-tjenstmedalje i gull.»

*Eivind Thorsvik, «Ut mot hav», 1977.*



Redningskøyta «Ada Waage» bygd i 1975.


### 3. SKULETILBOD OG SOSIALE TILHØVE

#### 3.1. Skuletilbod



Fiskeriundervisninga er delt på tre utdanningnivå slik som all anna undervisning. Dette er:

1. Grunnskulen
2. Den vidaregåande skule
3. Universitet og høgskular

I *grunnskulen* er undervisninga lagt opp som ei innføring i fiskerifag. Mange ungdomsskular i Hordaland har tilbod om fiskerifag som valfag i 8. og/eller 9. skuleåret. Det er vanleg at kvar skule har frå 2 til 6 timar pr veke. Dei vanlegaste emnene er båtførarprøven, fiskerireiskapar, fiske-riologi og maskinlære.




Dette er M/S «Gaa Paa» som i 1982 vart ombygd til opplæringsfartøy i fiskerifag.



Fiskarfagskulane høyrer nå inn under den vidaregåande skule. Vi har 5 fiskarfagskular i landet. Den eine ligg i Horda-


land (Fiskarfagskulen i Austevoll, 5392 Storebø, tlf. 05 - 38 00 85).



Fiskarfagskulen i Austevoll. (Foto: Jan Erik Fosseidengen.)

På skulen sitt område ligg Havforskningsinstituttet sin nye akvakulturstasjon der det vert drive med forskning med dyrking av havet.

Studieretning for sjøfart og fiske er bygd opp på følgjande måte:



Fiskarfagskulen har nå desse klassane:

- Grunnkurs i maskin- og mekanikarfag
- Grunnkurs i husholdsfag
- Grunnkurs i kokkefag
- Grunnkurs i fiskerifag
- Bestmannskurs, 1/2-årig
- Maskinpassarkurs, 1/2-årig
- Vidaregåande kurs I, akvakultur
- Vidaregåande kurs II, fiskeskippar.

Grunnkurs i fiskerifag gjev 10 månaders fartstid og kystskippereksamen av 2. klasse.

Grunnkurs for kokkar gjev rett til å inngå avtale om systematisk opplæring til kokk om bord, og rett til å inngå lærekontrakt for opplæring til kokk i hotell- og restaurantfaget.

Årskurset i akvakultur er eit nytt tilbod, og tek sikte på å utdanna folk som skal arbeida ved fiskeoppdrettsanlegg.

Alle kurs ved fiskarfagskulen gjev nå grunnlag for opptak til høgare studiar ved universitet og høgskular.

I den vidaregåande skule er det elles tilbod om grunnkurs i fiskeindustri og fiskemjøl/fiskolje (Statens fagskule for fiskeindustri, 9950 Vardø).

Ved *distriktshøgskulane* i Sogn og Fjordane, Nordland og Finnmark vert det gjevne undervisning i fiskerifag. Ved dei to sistnemnde skulane er det også eit 1/2-års studietilbod for lærarar som underviser i fiskerifag.

*Norges Fiskerihøgskole* vart skipa i 1972 og har hovudsete i Tromsø. Fiskerihøgskulen har avdelingar i Trondheim (Norges Tekniske høgskule) og Bergen (Norges Handelshøgskule og Universitetet i Bergen). Ved Universitetet i Tromsø vert det utdanna fiskerikandidatar. Fiskerikandidatstudiet tek 4 1/2 år.

Elles kan vi nemna følgjande skular som gjev undervisning for personell innan fiskerinæringa:

- Statens næringsmiddeltekniske skole, Trondheim
- Statens kjølemaskinistskole, Trondheim
- Norges Hermetikkfagskole, Stavanger

### 3.2. Sosiale tilhøve

Mange rettar som arbeidstakarar tek for gitt, fekk fiskarane først innført i 1980. Dette gjeld mellom anna arbeidsløysestrygd og ferieordning. Ein føresetnad for å ha rett til å få desse ytingane er at fiskarane står oppført i *fiskarmanntalet*.

Det er difor særst viktig at alle som ønskjer å starta fiske, tek kontakt med fiskerirettleiaren eller trygdekontoret i heimkommunen slik at han/ho kan verta oppført i fiskarmanntalet. Fiskarmanntalet skal omfatta alle fiskarar over 15 år som har fiske eller fangst som næring åleine eller saman med annan næring. Dei som har fiske som einaste yrke, skal først på *blad B* dersom dei driv fiske meir enn 20 veker pr år og har ei årsinntekt som er større enn grunnbeløpet i folketrygda (1982: kr 21.200,—).

Fiskarar som står på *blad B* har rett til følgjande ytingar under bestemte føreset-



nader: arbeidsløysetrygd, ferietilskot, minstelott, opptening av fiskarpensjon, sjuketrygd frå første dag m.m.

Dei som har fiske som attåttnæring, skal først på *blad A* i fiskarmanntalet.

#### LITTERATUR:

- Djupevåg, Nils, På fiske i sytti år, eige forlag, 1944.
- Fasting, Kåre, Feitsildsoga, J. W. Eides Boktrykkeri, 1962.
- Fasting, Kåre, Vintersildsoga, Noregs Sildesalslag, 1960.
- Frøiland, Øystein og Totland, Finn, Oselveren, bruksbåt i særklasse, Fiskerimuseet 1979.
- Frøiland, Øystein, Fjordfiske — før og nå, artikkel i Fjordheimen, Grøndahl & Søn, Oslo 1981.
- Frå Fjon til Fusa, 1949, 50, 55, 61, 62, 63.
- Færøyvik, Bernhard, Fiskarsoga for Sogn og Fjordane, Bergen 1939.
- Gerhardsen, Meidell G., Fiskeriene i Norge, Universitetsforlaget 1964.
- Hallenstvedt, Abraham og Dynna, Bjørn, Frå skårunge til høvedsmann, 1976 (Med Norges Fiskarlag gjennom 50 år).
- Indrehus A., Rogaland Fiskarsoga, Stavanger 1939.
- Korsøen, Johs. H., Hordaland Fiskarlag 50 år, J. W. Eides Boktrykkeri A/S, 1969.
- Kårbø, Mons, Mons Andersen Kårbø si livssoge, Bergen 1963.
- Rollefsen, Gunnar (red.), Havet og våre fisker I og II, J. W. Eides Forlag, 1960.
- Sjurseth, Karl, Fiskarsoga for Hordaland, J. W. Eides Boktrykkeri A/S, 1961.
- Skåsheim, Anders, Nordland-skipparar frå Tysnes, Balestrand 1962.
- Skåtun, Knut, Herre i eige hus, 1972.
- Solhaug, Trygve, De norske fiskeriers historie 1815-1880, I og II, Universitetsforlaget 1980.
- Solheim, Peder A. og Dahle, Martin (red.), Fiskeriene våre, Leif Holtedahls forlag, Oslo 1976.
- Strøm, Jan (red.), Norsk Fiskeri og Fangst Håndbok, Alb. Cammermeyers Forlag 1949.
- Sunnhordland Årbok, 1918-19, 26-27, 50, 52, 59, 60, 63, 67, 69, 70, 75, 76, 78.
- Tjeldstø, Gerhard Garatun, Noregs Silde-salslag gjennom 50 år, Bergen 1977.
- Torgersen, O. (red.), Fiskeridirektoratet 75 år, Bergen 1975.
- Vollan, Odd, Sildefisket gjennom tusen år, Det norske samlaget 1971.
- Wallem, Fredrik M., Vore fiskere og fiskeriene, Oslo 1910.